

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar – Lom kommune

Fastsett av Samfunnsutvalet i Lom kommune 15.06.2020 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9, jf. Miljøverndepartementet sitt delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706 og Lom kommune sitt delegeringsreglement.

§ 1. *Formål*

Formålet med denne forskrifta er å hindre forureining og helseproblem i kommunen som følge av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2. *Virkeområde*

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar i heile Lom kommune. Forskrifta omfattar ikkje næringsavfall, dvs. avfall frå verksemder. Slikt avfall skal leverast til godkjent anlegg i samsvar med forureiningslova § 32. Innsamla avfall frå jord- og skogbruk, med unntak av det som går fram av § 5 i denne forskrifta, er også næringsavfall og blir ikkje omfatta av forskrifta.

§ 3. *Definisjonar*

Uttrykk i forskrifta har denne tydinga:

- a) *Open brenning*: all brenning som skjer utandørs
- b) *Småomnar*: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Miljødirektoratet eller fylkesmannen eller er godkjent brukt etter statlege forskrifter etter forureiningslova.
- c) *Tettbygd strøk*: Som tettbygd strøk vert rekna Fossbergom, Frisvoldskogen – Garmo, Galdesand og Leirmo, med avgrensing som som vist i kartvedlegg.

§ 4. *Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar*

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode om ikkje anna følgjer av forskrifta § 5.

§ 5. *Unntak frå forbodet*

Følgjande brenning skal likevel vere tillate når det ikkje er brannfare eller fare/ulempe for folk som bur eller ferda i området:

- a) Open brenning på grillar for matlaging, utepeisar og kaffibål.
I tidsrommet 15. april til 15. september er det forbode å gjera opp eld i eller i nærleiken av skogsmark og annan utmark utan løyve frå kommunen.
Det er likevel tillate å gjera opp eld der det openbart ikkje kan medføre brann.
(jf. *forskrift om brannførebygging* § 3)
- b) Brenning av avfallstrevirke i vedomin, med unntak av impregnert, malt og overflatebehandla trevirke.
- c) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk i tidsrommet 15. september til 15. april.

- d) St. Hansbål og Olsokbål utanfor tettbygd strøk, under føresetnad at det vert brukt reint og tørt trevirke og det er openbart ikkje kan medføre brann.
(jf. *forskrift om brannførebygging* § 3)
- e) Kvistbrenning på hogstfelt og flatebrenning i skogbruket utanfor tettbygd strøk i tidsrommet 15. september til 15. april, der det openbart ikkje kan medføre brann.
(jf. *forskrift om brannførebygging* § 3)
- f) Halmbrenning på dyrka mark og kvistbrenning i samband med jordbruksdrift utanfor tettbygd strøk i tidsrommet 15. september til 15. april, der det openbart ikkje kan medføre brann. (jf. *forskrift om brannførebygging* § 3)
- g) Brenning av tjøremiler i tidsrommet 15. september til 15. april, der det openbart ikkje kan medføre brann (jf. *forskrift om brannførebygging* § 3). Slik brenning skal ikkje skje nær bustader, fritidshus mv. Nye tjøremiler er søknadspliktige til kommunen.
- h) Brannøvingar i regi av Lom og Skjåk brannvesen, inkludert fullskala øvingar med brenning av bygning etter retningsliner frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Slike bygningar skal vere miljøsanerte på førehand. (HR 9/95).

Kommunen v/ administrasjonssjefen kan oppheve unntaka eller deler av desse i periodar med dårlig luftkvalitet.

§ 6. Dispensasjon

Mynde etter denne forskrifta er delegert til administrasjonssjefen.

Administrasjonssjefen eller den han delegerer vidare til kan etter søknad i særlege høve dispensera frå forbodet i § 4.

§ 7. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med at reglane i denne forskrifta vert haldne.

§ 8. Klage

Vedtak som administrasjonssjefen gjer etter denne forskrifta kan påklagast til kommunens faste organ for klagesaker


§ 9. Straff

Brot på denne forskrifta kan medføre straffeansvar jf. forureiningslova § 78.

§ 10. Iverksetjing

Denne forskrifta trår i kraft frå kunngjering i Norsk Lovtidend.

Vedlegg: Avgrensning av tettbygd strøk



Fossbergom - tettbygd strøk

